HEIDERSPRIS – FØRDE IL



HELGE SCHEI

2020

Helge Schei f. 1949 debutere som O-løpar i 1963. Han har sidan representert Førde IL, med unnatak for nokre år i Lyn og Fossum. Vart rekna som lovande i guteklassane. Krinsmeister i seniorstafett i 1975. Helge har delteke i om lag 30 løp i året sidan 1964. Har sprunge o-løp i over 20 land i Europa. Han kan også sjå attende på fleire administrative verv, både på klubb, krins og nasjonalt nivå.

FIL orientering (1963 – d.d)
1994 – 1995: leiar
2006 – d.d: Medlem teknisk råd

Løypeleggar:
Open nordisk juniorlandskamp (1989), Fjord O (1997 og 2020), NM ultradistanse (2006), Kart og løypeansvarleg for Fjord O (2014). I tillegg løypeleggar på mange KM og DM, og ei rekkje små og større løp. Aktiv i dugnadsgjengen, som i tillegg til dei profesjonelle, driv med synfaring av O-kart.

Sogn og Fjordane orienteringskrins (SFOK):
1983 – 1986: Nestleiar
2000 – 2006: Leiar

Norges Orienteringsforbund (NOF):
1987 – 1994: Leiar teknisk komite
1987 – 1995: Juryleiar i ulike NM
1990: TD NM-junior

Førde 25.03.2021

Arne Helgheim
Styreleiar FIL